

Miljøproblema bør få oss til å sjå raudt, meiner den svenske øl

Utilstrekkeleg



Daniel Ankarloo
**MED ANDRE
ORD**

Den seinare tida har det spreidd seg ein «økologisk» kritikk av arbeidarrørsla som politisk kraft og av marxismen som det teoretiske uttrykket for rørsla, først og fremst i Vesten. Kritikken har ulykkeligevis ført til at venstresida har bøygd av – noko som svekker sjansane våre til å forstå kapitalismen frå eit økologisk perspektiv.

Anklagepunkta mot Marx og etterføljarane hans kan samanfatta i følgjande punkt:

1) Teorien til Marx er eit produkt av materialismen på 1800-tallet og utviklingsoptimismen. Han har derfor ei altfor sterk «teknosentrisk» tru på stordrift og vekst. Mot det har økologismen stilt krav om smådrift, lokal produksjon og «økologisk balanse».

2) Den grunnleggjande teorien til Marx om kapitalismen, «verdilæra», tar ikkje omsyn til naturens grenser. Mot det stiller ein oppfatninga om at «det finst bare ei jord», og at det noverande forbruksnivået av dei ikkje-fornybare ressursane på jorda overstig det som er økologisk berekraftig i framtida.

3) Verdilæra til Marx, som hevdar at det bare er arbeidet som skapar (meir)verdi, impliserer ideen om at naturen er utan verdi og dermed er «gratis». Marx sin verdi-teori er derfor grunnleggjande antiøkologisk.

4) Marxismen er ein del av den «modernistiske» Prometheusmyten, som ser fridom som at menneska «herskar over» naturen. Marxismen held oppe ein dualisme mellom menneska (som herskar) og naturen (som skal herskast over), i staden for å sjå at menneska er «eitt med naturen». Derfor risikerer det marxistiske fridomsidealet i forlenginga å legitimere totalitære og antiøkologiske praksisar og rørsler. Marxismen er derfor ein «antroposentrisme», som held menneska for «meir verd» enn

FAKTA

Forfatteren:

■ I denne artikkelen systematiserer Daniel Ankarloo den vanlegaste «økologistiske» kritikken mot marxismen. Han meiner denne kritikken på fleire grunnleggjande måtar er feilslått, og kan føre til eit reaksjonært svar på kapitalismens miljødeleggingar.

■ Gjennom å presentere arbeid av Paul Burkett og John Bellamy Foster skisserer Ankarloo ein marxistisk teori for dei avgjerande miljøtruslane. Vi kan berre løyse miljøproblema om vi set fokus på dei sosiale relasjonane vi som menneske inngår i under kapitalismen, meiner Ankarloo: Ein miljøpolitikk utan grunnleggjande kritikk av kapitalismen blir ufullstendig og haltande.

■ Teksten er ein bearbeidd og forkorta versjon av ein artikkel i *Socialistisk Debatt* 2/2007. Der finst òg eit omfattande noteapparat, med fleire referansar til relevante verk. Saka:

■ Daniel Ankarloo har doktorgrad i økonomisk historie og underviser i sosialt arbeid ved Malmö høgskola.

naturen (som ein altså ser utan eigenverdi). Mot det stiller ein som slagord «jorda først» – ein «økosentrisme».

5) Marxismens sosiale basis for frigjoring, arbeidarklassen, blir stadig mindre viktig for reell frigjoring frå kapitalismen, og for å innføre ei berekraftig utvikling til erstatning. I lys av det *univerielle* miljøtrugsmålet mistar klassepolitikk si mening. Miljøproblematikken ser ein best som ei *allmenn utfordring* for heile (den industrielle) verda om å endre sine livsmønster. Og rørsla for den forandringa er ikkje i første rekke arbeidarrørsla (med ein livsstil i den industrielle verda som er antiøkologisk), men «dei nye sosiale rørslene».

To teoretikarar som har møtt kritikken på marxistisk grunnlag er Paul Burkett og John Bellamy Foster. Arbeidet deira legg grunnlaget for at marxismen betre kan forstå det alvorlege miljøtrugsmålet som menneska står framfor.

Burkett påpeikar at dei «økologistiske» kritikarane, når dei hevdar at framstillinga til Marx av kapitalismen er utilstrekkeleg for å analysere øydelegginga av miljøet, gjør seg skyldige i ei grunnleggjande misforståing av omgrepa bruksverdi og verdi i teoriene til Marx. For Marx er verdiproduksjonen, framhevar Bur-

kett, både ein materiell og ein sosial røyndom. Naturen er ein nødvendig føresetnad for all vareproduksjon, i betydninga varens bruksverdi. *Verdien* til ein vare er sant nok ein sosial konstruksjon, i den forstand at ingen vare «av naturen» har ein verdi – varen får ein verdi «sosialt», som produkt av fremmdgjort arbeid. Men det betyr ikkje at det kan finnast verdi utan bruksverdi. Verdilæra til Marx skal nettopp vise korleis denne motsetninga mellom verdi og bruksverdi heilt naudsynt under kapitalismen fører til at verdien (det fremmdgjorte arbeidets produkt – kapitalens) dominerer over bruksverdien, til kapitalens makt og «utnytting» av både menneske og natur.

Foster har, også han med ei samanhengande forståing av Marx, skildra «skilsmis» då dei umiddelbare produsentane ein gong blei skilt frå produksjonsvilkåra sine – sjølve den historiske føresetnaden for kapitalismen – som ei «metabolsk sprekkdanning», omlag som «eit brot i fordyssessystemet», mellom menneske og natur. Det er denna *fremmdgjorte* føresetnaden, som *under kapitalismen* leier til at produksjon bare kan skje om menneska som no ein gong er skilte frå naturen, «erobrar tilbake» og «beherskar» den. I konkurransen er all produksjon og alt arbeid ei (tilfeldig) «erobring». [1]

Det er altså kapitalismen, ikkje Marx, som er «teknosentrisk». Det er den ibuande karakteren til kapitalismen – den som Marx altså blottlegg, analyserer og kritiserer – som ikkje gir naturen «eigenverdi», som behandlar den som om han var ein «gratis», uendeleg ressurs, og så vidare. Eller som Burkett skriv: «Å tilskrive ahistorisk definerte 'yttergrenser for naturen' 'ansvar' for globale miljø- og befolkningsproblemer er å gi naturen skulda for problem som blir skapt av eit spesifikt sosioøkonomisk system». [2]

Noko forbausande er det kanskje at den økologistiske kritikken av Marx og av kapitalismen (i den grad den i det heile er ein kritikk av den) så tydeleg har ein tendens til å ta opp att dei «dualismane» mellom menneske og natur som ein kritiserer andre for. Ofte tydeleg kjem det fram i det ofte framførte biletet av miljøproblematikken som at menneska «forstyrrar den økologiske balansen». Bortsett frå at det er problematisk i det heile tatt å beskrive økologiske system som er i stadig evolusjon i «balanse», så gjør resonnementet seg «pussig nok skuld i nøyaktig den dualismen



PROBLEMET: Kapitalismen er hovudårsaka til miljøproblematikkplattforma.

som ein tilskriv prosjektet med å beherske naturen. På eit eller anna vis er menneska *einsame blant alle andre arter* om å vere «unaturleg» i sin aktivitet for å omforme miljøet sitt». [3] Det sosiale blir stilt mot det naturlege, slik som var ein bort frå det faktum at menneska er sosiale på grunn av sin natur og ikkje skilt frå han.

Mens kapitalismen freistar tilpasse naturen til fremmdgjorte menneskebehov, vil økologistane i staden bare at menneska blindt skal tilpasse seg «naturlovene». Lover som har ein tendens til på mystisk vis å bli tilskrive ein naturleg urtilstand då menneska ikkje eksisterer og «forstyrra» balansen; noko som ser bort frå det enkle faktum at «den naturen som var før den menneskelege historia (...) i dag ikkje lenger eksisterer nokon stad» og at «det finst ikkje ein einaste ting rundt meg som ikkje bokstaveleg talt er ein menneskeleg [skapt] ting». [4]

konomen Daniel Ankarloo.

Økologisme



...n, skriv kronikkforfattaren. Her (f.v.) Spanias kong Juan Carlos, konsernsjef i Statoil Helge Lund, dronning Sonja og kong Harald på Troll A-

FOTO: MARIT HOMMEDAL / SCANPIX

I dag er jamvel «naturreservat» i høgste grad skapt av menneske, det landskapet me møter er eit «kulturlandskap». Mot villfaringa om at «menneska veit best» når det gjeld naturen, stiller ein bare ideen om at «naturen veit best», noko som i seg sjølv er ein naturalistisk form for fremminggjøring.

Økologismen risikerer såleis å bli eit *reaksjonært* svar på kapitalismens miljøødelegging, mens utfordringa for venstresida (og for menneska i det heile) er å finne progressive og frigjørande svar på den økologiske krisa.

Den avgjørande skilnaden mellom økologismen og den marxistiske økologiske teorien er at økologismen først stiller krav om at menneska tilhøve til «naturen» og «individuas livsstil» må endrast. Derfor er ein også relativt nøytrale til dei sosiale produktjonsforholda i kapitalismen og reduserer kritikken til «endra konsumsjonsmønster», «nullvekst» og «livsstilsspørsmål». Iblant forfell den grønne rørsla til og med til trua på å «bruke mark-

nadsmekanismen» for å bekjempe miljøødelegginga. Så malarde kritiserer ein annan marxist, Martin Spence, denna tiltrua: «Utslepp av drivhusgassar skjer fordi fossilt brensel er varer; liksom olje- og gassfelta og

«Under kapitalismen beherskar ikkje me menneske vår eigen sosiale organisasjon»

gruvene det blir henta frå; og dei røyrløysingane og transportsystema som distribuerer det; og kraftstasjonane, bilane, husa og arbeidsplassane der det blir konsumert; og – viktigast av alt – den arbeidskrafta som er investert på alle desse områda. Global oppvarming er sluttresultatet av ein lang kjede av varerelasjonar (...) der individuell kapital for kvart steg blir tvinga av trykket frå marknaden til å vekse og akku-

mulere (...) og bidrar såleis til omfanget og alvorret i den sluttlege miljøkrisa.

Kyotoprotokollen kjem ikkje til å gjøre noko for å bryte denna kjeden med årsakssamanheng. Alt den gjør er å legge til ytterlegare ein vare, og ytterlegare ein marknad, på slutten.» [5]

Marxistisk teori seier at miljøtrusselen bare kan taklast om me i utgangspunktet fokuserer på dei sosiale relasjonane me som *menneske* inngår i under kapitalismen. Fremminggjøringa vår for naturen – som har bidradd til illusjonen om at naturen kan «erobrast gratis» – er ikkje den første grunnen til miljøødelegginga, men ein effekt av klasseinndelinga i kapitalismen i lønnsarbeid og kapital. Problemet er ikkje først og fremst at kapitalismen er «miljøfiendtleg», men at han grunnleggande er «menneskefiendtleg». «Utnyttinga av naturen» er ein konsekvens av ei samfunnsordning som treng «utnyttinga av menneska» for å kun-

ne leve. At me under kapitalismen ikkje «tar omsyn» til naturen er konsekvensen av at me under kapitalismen ikkje evnar, eller får lov til, å «ta omsyn» til kvarandre som menneske. Det er hovudårsaka jamvel til miljøproblematikken. Problemet er ikkje menneska sin vilje til å «beherske» naturen; problemet er heller at me menneske under kapitalismen ikkje beherskar vår eigen sosiale organisasjon, som framstår stadig meir kaotisk og utanfor vår kontroll. Miljøtrusselen utfordrar ikkje så mykje menneska sitt tilhøve til naturen som deira (fremminggjorte) tilhøve til kvarandre.

Sluttsatsen blir derfor at jamvel miljøtrusselen krev ei total forandring av desse sosiale relasjonane, kort sagt sosialisme. Og om sosialismen er den uunngelege føresetnaden (om ikkje i seg sjølv ein garanti) for det økologistar kaller «bærekraftig utvikling», då er framleis innsikten om at «arbeidarklassen si frigjøring må vere deira eige verk» – den uunngelege premissen for sosialismen – like naudsynt i denne verda av stadig meir akutte miljøproblem, som han var då Marx og Engels formulerte han.

Eller i Burkett's sluttord i boka «Marx and Nature»:

«Om menneska vil utvikle seg som naturlege skapningar, må dei utvikle seg sjølve som sosiale skapningar, og oppnå ei eksplisitt sosialisering av dei naturlege føresetnadene for produksjonen. Me kan ikkje overvinne det naudsynte i naturen – me kan ikkje erobre naturen; men me kan heller ikkje sjå bort frå den medvitne, sosiale og kumulative karakteren i den menneskelege produksjonen gjennom å flykte inn i ein idealisert, urørt natur som ikkje lenger eksisterer. Utviklinga av den menneskelege produksjonen er ikkje lenger bestemt av naturen på førehand av naturen som slik. Så om me vil leve med naturen, må me beherske vår sosiale organisasjon.» [6]

Daniel Ankarloo, har doktorgrad i økonomisk historie og underviser i sosialt arbeid ved Malmö høøgskola.

Daniel.Ankarloo@mah.se

- Omsett av Gunnar Daniëlsson
- [1] Foster (1999) Marx's Theory of Metabolic Rift: Classical Foundations for Environmental Sociology, American Journal of Sociology 105:2.
- [2] Burkett (1998) A Critique of Neo-Malthusian Marxism: Society, Nature and Population, Historical Materialism 2, s 127.
- [3] S. Vogel, sitert frå Pepper (1993) Eco-socialism: From deep ecology to social justice, Routledge, s 115.
- [4] Marx & Engels, og S. Vogel, sitert frå Pepper (1993) s 108 og s 114.
- [5] Spence (2000) Capitalism Against Nature, Capital & Class 72, s 102.
- [6] Burkett (1999) Marx and Nature: A Red and Green Perspective, St. Martin's Press, s 257.